

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Brævasshytta, Fjærland

Dato: 04.09.2019

Tidspunkt: 16:00

Velkommen til det fjerde møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2019!

Møtestad denne gangen er ved Bøyabreen i Fjærland. Vi begynner kl. 16:00 med mat og møte på Brævasshytta, før vi tek ein spasertur for å sjå på denne innfallsporten fram til brevatnet og ut mot riksvegen.

Ta med spasersko og kle tilpassavêret.

Alle faste styremedlem har meldt at dei kan komme.

Dersom forfall kan ein kontakte Tor Arne på 90192471 eller Maria på 93664256.

Velkommen!



<https://www.sognefjord.no/sjaa-og-gjere/mat-og-drikke/braevasshytta-p1046973>

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/19	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 23/19	Orienterings- og drøftingssaker		
	1. Statens naturoppsyn orienterer frå sommaren		
	2. Politiske besøk, brekryssing og tur til Tungestølen		
	3. Drøfting om drift av styret fram til nytt styre er konstituert		
	4. Framdrift på tiltak så langt, og mindre endringar i budsjettfordelinga		
	5. Kulturminne og ulike tiltak i Fosdalen		
RS 25/19	Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - elveførebygging i Fåbergstølsbrelvi - Statkraft		2019/13791
RS 26/19	Skåla Opp 2019 rapport frå Loen Active		2019/16679
RS 27/19	Utkast søknad nasjonal turiststi - dialog med forvaltninga		2019/16700
RS 28/19	Tema til bacheloroppgave - villvarding og droneflyging		2019/16176
RS 29/19	Referat frå dialogmøte om Bøyabreen as		2019/6338
RS 30/19	Ikkje søknadspliktig - droneflyging i Haugadalen - TV2		2019/14783
RS 31/19	Rapport - Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forskning - Høgskulen på Vestlandet - ref 2018/2643 FMSF		2019/15566
DS 3/19	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlandig ved innhenting av vassprøvar til nasjonal innsjøundersøking - NIVA		2019/11904
ST 24/19	Jostedalsbreen NP - Dispensasjon - Merking av stiar og trimpostar - Oppstryn Idrettslag		2019/10980
ST 25/19	Revidert framdriftsplan besøksstrategi		2019/3131

ST 21/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 22/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 23/19 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 25/19 Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - elveførebygging i Fåbergstølsbreelvi - Statkraft

RS 26/19 Skåla Opp 2019 rapport frå Loen Active

RS 27/19 Utkast søknad nasjonal turiststi - dialog med forvaltninga

RS 28/19 Tema til bacheloroppgave - villvarding og droneflyging

RS 29/19 Referat frå dialogmøte om Bøyabreen as

RS 30/19 Ikkje søknadspliktig - droneflyging i Haugadalen - TV2

RS 31/19 Rapport - Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forskning - Høgskulen på Vestlandet - ref 2018/2643 FMSF

DS 3/19 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlanding ved innhenting av vassprøvar til nasjonal innsjøundersøking - NIVA

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	24/19	04.09.2019

Jostedalsbreen NP - Dispensasjon - Merking av trimpostar- Oppstryn Idrettslag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3. gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Oppstryn IL løyve til å setje opp skilt for å markere fylgjande trimpostar i nasjonalparken: Fossen i Erdalen, Erdalsbreen, Kamperhamrane i Sunndalen og Tverrelvskaret i Sunndalen.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Skilt skal ikkje boltast fast i fjell eller festast til kulturminne.
- Oppstryn IL har ansvar for å fjerne skilt dersom trimpostar ikkje lenger vert nytta .
- Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilgang til besøkstal rundt Jostedalsbreen. Vi ber difor om at talet på registrerte besøk på trimpostane innanfor nasjonalparken vert rapportert til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 31.12 kvart år.
- Nasjonalparkstyret kan be om at skilt vert fjerna dersom ein finn at tiltaket går utover verneføremålet.

Oppsetting av skilt må avklarast med grunneigarar før oppsetting.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

Epost av 26.04.2019 frå Fjelltrimmen i Oppstryn idrettslag, der opplegget for trimpostane til idrettslaget vert skildra og det vert stilt spørsmål om korleis trimpostane innanfor nasjonalparken kan merkjast. Eposten er i det vidare omtala som søknad.


Søknaden vert vurdert i samsvar med:

1. Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991.
2. Naturmangfaldlova
3. Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, nettutgåve mars 2002

Søknaden

Fjelltrimgruppa i Oppstryn IL har i ei årrekke hatt fjelltrimpistar med bøker liggjande rundt om i Oppstryn, nokre av desse ligg i innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Talet på trimpistar har dei seinare åra vorte redusert noko på grunn av problem med innhenting av bøker ved sesongslutt, då nokre av trimpistane ligg høgt til fjells. Oppstryn IL har byrja å nytte appen Georeg for registrering av trimpistar. Det betyr at dei ikkje er avhengige av å hente inn bøker ved sesongslutt, sidan resultata kan lesast av online. Oppstryn IL ynskjer difor å legge inn nye og gamle trimpistar i Georeg-appen med lurer på korleis dei kan få merke nokre av trimpistane som ligg innanfor nasjonalparken. Fysisk merking av trimpistane er naudsynt for at fjelltrimmarar skal vite ganske nøyaktig kvar dei må stå i terrenget for at besøket skal verte registrert i appen.

Trimpistane som er søkt merka med skilt ved Kamperhamrane, Erdalsbreen og Fossen i Erdalen er knytt til allereie godt merka turstiar. Dei fleste trimpistane som er skildra i søknaden er knytt til allereie eksisterande turstiar. Trimpisten i Tverrelvskaret er ikkje knytt til ein eksisterande tursti, men ligg på toppen av stien/råsa frå Sunndalssetra til Tverrelvskaret. Denne råsa er ikkje merka og noko tilgrodd, fjelltrimgruppa ynskjer difor å klippe opp att råsa. Sætrestyret er spurt og er veldig positive til at råsa vert klapt opp att.



Trimpistar til Oppstryn IL i nasjonalparken

Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna merking av stigar og løyper og liknande. (jf. Kap.III pkt. 1.1), med unntak gjeve i pkt. 1.2. og 1.3:

Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for: ...vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar og liknande. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område. (jf. Kap. III pkt 1.2. tredje strekpunkt).

Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det, kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar. (jf. Kap. III pkt 1.3. fjerde strekpunkt).

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Forvaltningsplan

Etter at forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken i 1994 har det skjedd eit par vesentlege endringar. Mellom anna vart nasjonalparken vedteken utvida med dalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen ved Kongeleg resolusjon 18.06.1998. I Nettutgåva av forvaltningsplanen frå mars 2002 er desse endringane teke med i teksten.

Forvaltningsplanen deler Jostedalsbreområdet inn i 4 soner som har ulike målsettingar med omsyn til tilhøvet mellom vern og bruk. Vern av naturmiljøet er likevel det overordna målet for nasjonalparken, og verneforskrifta er den same for heile nasjonalparken.

Dei 4 sonekategoriane som vert nytta er:

- spesiell vernesone (jf. Kap. 6.1.1.)
- sone utan tilrettlegging og inngrep (jf. Kap. 6.1.2.)
- brukssone (jf. Kap. 6.1.3.)
- sone med spesiell tilrettelegging (jf. Kap. 6.1.4.)

Sunndalen, der trimpostane Kamperhamrane og Tverrelvskaret er plassert, ligg stort sett i brukssone, men dei skogkledde fjellsidene i Sunndalen og området kring Sygneksvatnet og vidare innover mot breen ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep (jf. Kap 6.4.).

Erdalen, der trimpostane ved Fossen og Erdalsbreen er plassert, ligg stort sett i brukssone, med unntak av dei aktive breelvslettene i dalbotnen, som ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep (jf. Kap 6.4.).

Når det gjeld friluftsliv og ferdsel er m.a. fylgjande skrive på side 48-54 i forvaltningsplanen (kap 7.3.6.):

I tråd med norsk friluftstradisjon (jf. Friluftslova) er det i følgje verneforskrifta fri ferdsel i nasjonalparken. All ferdsel og aktivitet både i og utanfor nasjonalparken skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikke skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for

andre. (friluftslova § 2 og verneforskrifta pkt. IV, 6). Menneskeleg ferdsel kan kome i konflikt med naturvernomsyn, t.d. ved uroing av sjeldsynte dyr eller fuglar, eller ved stor vegetasjonsslitasje. Dette er problem som kan bøtast på anten ved «positive» (kanalisering og tilrettelegging) eller «negative» (restriksjonar og forbod) tiltak (...).

Å gje høve til utøving av enkelt friluftsliv er eit av føremåla med Jostedalsbreen nasjonalpark (...). I brukssonene der det ikkje krevst spesialkunnskapar for trygg ferdsel, kan det leggjast til rette for at folk flest kan gå turar på eiga hand og oppleve den storslårte naturen i Jostedalsbreområdet. Slik tilrettelegging må ta strenge omsyn til naturkvalitetane i området, jf. St.melding nr 40 (1986-87) der det heiter at «både i område for ekstensivt og intensivt friluftsliv bør dei aktuelle tilretteleggingstiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i områda i størst mogleg grad blir halde ved lag». Det er først og fremst dei mest brukte innfallsportane til nasjonalparken som bør tilretteleggjast, dessutan dei «klassiske» ferdelsrutene i området (...). Ein kan skilje mellom ulik grad av tilrettelegging for friluftsliv – umerkt sti, steinvarding og T-merking. Ulik grad av tilrettelegging er viktig både fordi dette gjev stor spennvidde i «naturtilbod», og for å gje variasjon i naturoppleving og vanskegrad for turgåarane. Det er eit mål å få til ei slik variert tilrettelegging i Jostedalsbreområdet i samsvar med soneinndelinga (...). Merking av nye stiar og løyper og oppsetjing av skilt og vegvisarar må ha dispensasjon frå verneforskrifta (...). Det er etter vårt syn ikkje ønskjeleg at alle skilt og vegvisarar vert heilt einsarta i Jostedalsbreområdet, fordi dette vil gje et standardisert inntrykk (...). I Jostedalsbreområdet er det mange stader lagt ned et stort arbeid lokalt med merking av stiar, bygging av klopper, bygging av opne hytter osv.. Dette er dugnadstradisjonar og gode initiativ det er viktig å ta vare på for ettertida. Stort sett er dette gjort på ein fin måte, i et omfang og på stader der det er naturleg (...).

Vidare gjeld følgjande retningsliner i forvaltningsplan «friluftsliv» (kap 7.3.6):

«Det er i tråd med norsk friluftslivstradisjon (jf. Friluftslova) fri ferdsel i nasjonalparken. Soneinndelinga (sjå kap. 6) skal følgjast med omsyn til tilrettelegging, og det skal vere ulik grad av tilrettelegging (inga tilrettelegging vs. Merkte stiar) i nasjonalparken. Tilrettelegginga skal gje betre grunnlag for trygg ferdsel i området. Merkinga skal følgje DN/DNT-standard. Skiløyper skal ikkje kvistast eller køyrist opp».

Oppsetjing av nye skilt for merking av turpostar krev dispensasjon frå verneforskrifta, jf. verneforskrifta kap.III pkt 1.3. fjerde strekpunkt.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) utarbeidde i 2018, på oppdrag frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, to rapportar med vurderingar av kor sårbarer nokre utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel (NINA rapport 1409, NINA rapport 1593). Arbeidet vart gjort som ein del av det faglege grunnlaget for arbeidet med besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark. Sunndalen inn mot Sunndalsetra er ein av lokalitetane som er vurdert i NINA rapport 1593. I området ved Tverrelvfossen er det registrert naturtypelokalitet av Fossesprøytssone/Fosse-eng. Denne naturtypen er raudlista som sårbar (VU) i Raudlista for naturtypar, 2018.

Synfaring

Sidan råsa til Tverrelvkaret ligg nær Tverrelva med ei registrert fossesprøytssone registrert som viktig naturtype i naturbase, vurderte nasjonalparkforvaltninga det som naudsynt å ta ei synfaring av råsa opp til Tverrelvkaret, for å vurdere om ein trimpost og auka ferdsel vil kunne vere ein trussel for naturverdiar i området.

Den 21.05.2019 var difor nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge og Anne Rudsengen frå SNO på synfaring i Sunndalen og gjekk råsa til Tverrelvkaret, saman med Mons Rune Guddal frå fjelltrimgruppa til Oppstryn IL.

Synfaringa viste at råsa gjekk opp i god avstand frå fossesprøytsena. Naturtypar og artsmangfald i sti traséen var trivielt, ingen truga naturtypar vart registrert. Substratet på staden var likevel slik somme stader at det ikkje vil tolle mykje trakk før slitasjen vert synleg, men målet med ein sti er at den skal vere synleg og lett å fylgje. Råsa hadde trong for rydding for at stien skal verte lettare å følgje.

Stien/råsa mellom Sunndalssætra og Tverrelvskaret vart rydda i 2014-2015. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyvde i 2014 kr 10 000,- av dei frie tiltaksmidlane til dette arbeidet. Mottakar av midlane var Sunndalssætra grunneigarlag.

Vurdering

Det har i ei årrekke vore trimpostar rundt om i Oppstryn, i og utanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Dei fleste av trimpostane er knytt til eksisterande turstiar, nokre merka andre umerka. Oppstryn IL ynskjer å setje opp skilt for å markere trimpostane ved Fossen i Erdalen, ved Erdalsbreen, ved Kamperhamrane og i Tverrelvskaret (sjå kart).

Fjelltrimmen har stor oppslutnad i Oppstryn og tiltaket har eit klart folkehelseføremål.

Ferdsel til fots i samsvar med friluftslova sine reglar er tillat i nasjonalparken, jf. naturmangfaldlova §35. Å gje høve til utøving av enkelt friluftsliv er eit av føremåla med Jostedalsbreen nasjonalpark (forvaltningsplan kap 7.3.6.).

I utgangspunktet er området verna mot alle inngrep, jf. verneforskrifta kap IV pkt. 1.1. Merking av stiar og oppsetting av skilt er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, men etter verneforskrifta kap. IV pkt 1.3. strekpunkt 4 kan det gjevast løyve til denne typen tiltak når særlege grunnar ligg føre.

Oppsetting av skilt for å markere trimpostar er i utgangspunktet forbode då det kan ha negative effektar på verneverdiane gjennom forstyrring og slitasje, dersom fleire nyttar områda til trimaktivitet. Det er difor viktig å unngå at markering av trimpostar skjer i område der natur og kulturverdiar kan verte negativt påverka.

Naturverdiane ved dei fire omsøkte trimpostane er dokumentert m.a. gjennom arbeidet med verneplan for Jostedalsbreen og etter mange års forvaltningspraksis (jf. naturmangfaldlova § 8). Oppsetjing av skilt for å markere dei eksisterande trimpostane, nær eksisterande merka turstiar ved Kamperhamrane, Fossen i Erdalen og ved Erdalsbreen vil truleg ikkje medføre negative konsekvensar for verneverdiane. Alle desse trimpostane ligg i område som i Forvaltningsplanen er nemnt som brukssone (jf. forvaltningsplan kap. 6.1.3.).

Råsa opp mot trimposten ved Tverrelvskaret ligg i dei skogkledde fjellsidene i Sunndalen som er i sone utan tilrettelegging og inngrep (jf. forvaltningsplan kap 6.4.). Det er likevel ein eksisterande sti/rås opp til Tverrelvskaret, så området er ikkje heilt utan inngrep.

Nasjonalparkstyret gav i 2014 eit mindre tilskot til rydding av råsa.

Mange stader i området rundt Jostedalsbreen er det lagt ned eit stort arbeid lokalt med merking av stiar, bygging av klopper og så vidare. Dette er dugnadstradisjonar som det er viktig å ta vare på for ettertida. Fjelltrimmen har stor oppslutnad i Oppstryn og tiltaket har eit klart folkehelseføremål. Bruken av råsa mot Tverrelvskaret vil truleg ikkje vere veldig stor så lenge råsa ikkje er ein merka tursti. Så lenge tiltaket ikkje er ein trussel mot verneverdiar i området bør

det vere ein låg terskel for å tillate oppsetjing av skilt for å markere trimpostar. Dette er ein type inngrep som er små og reversible. Det kan gjevast løyve med vilkår som sikrar at løyvet kan gjerast om dersom ny kunnskap viser at verneverdiar er truga.

Det er ikkje registrert trua / sårbare naturverdiar eller kulturminne i den aktuelle traseen, og ein kan ikkje sjå at oppsetting av skilt og rydding av råsa vil ha negativ påverknad slik at landskapet sin art og karakter vert endra vesentleg. Kunnskapen om området for å vurdere saka er god (naturmangfaldlova § 8) og føre var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) vert difor ikkje vektlagt.

Det er ei ynskt utvikling frå sentralt hald at dei unike naturområda som verneområda i Norge er, skal kunne opplevast av fleire, samstundes som vi skal ta vare på desse områda. Det er ikkje stort trykk av ferdsel til Tverrelvskaret i dag, men ferdsla kan auka noko med oppsetting av trimpost og informasjon om denne. Den lange og bratte stigninga gjer likevel at berre ein liten del av dei besøkjande på Sunndalssetra vil ta turen til Tverrelvskaret. Ei betre rydda rås til Tverrelvskaret vil og lette framkomsten i den bratte lia for sauер og folk som ser etter sauene, noko som er positivt for kulturlandskapet i området.

Vi kan ikkje sjå at oppsetting av skilt for markering av trimpost og rydding av råsa til Tverrelvskaret vil føre til auka belastning på naturen i området (naturmangfaldlova § 10). Med dei vilkåra som er sett i løyvet (naturmangfaldlova § 12), kan ein ikkje sjå at tiltaket vil føre til nokon skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfaldlova § 11).

Eksisterande stiar og løyper kan haldast ved like og haldast opne utan særskild løyve frå nasjonalparkstyret (jf. kap IV pkt. 1.2. tredje strekpunkt). Omfanget av slikt vedlikehald skal ikkje vere større enn tidlegare standard på stien. Det kan ryddast langs stiane dersom vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram, t.d. for tilkomst til stølar og for beitebruk. Råsa til Tverrelvskaret fell etter nasjonalparkforvaltar si vurdering innanfor denne regelen sidan den er ei eksisterande rås.

Det er som nemnt eit uttala mål at fleire skal kunne oppleve verneområda. Turen til Tverrelvskaret vil vere ei oppleveling for alle som går den, mykje av turen går etter allereie merka sti inn til Sunndalssetra, opp til Tverrelvskaret vil stien berre vere ei rydda rås utan annan permanent merking.

Nasjonalparkforvaltaren har vurdert omsynet til verneverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark, jf. verneforskrifta kap IV, og meiner tiltaket kan gjennomførast med dei vilkåra som er sett i løyvet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	25/19	04.09.2019

Revidert framdriftsplan besøksstrategi

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar

Prosjektplan for besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 27.02.2017. Besøksstrategien skal endeleg godkjennast av Miljødirektoratet i løpet av 2020, det betyr at eit høyringsutkast bør vere klart før jul, slik at det vert god tid til høyringsrunde og formelle vedtak i 2020.

Vedteken tidsplan henta frå prosjektplan:

Aktivitet/Milepærar	Tidsplan	Ansvarleg	Gjennomførar
Vedtak om oppstart	02.12.2016	Nasjonalparkstyre t	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Vedta prosjektplan	27.02.2017	Nasjonalparkstyre t	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Sårbarheitsvurdering	27.02.2017 – 31.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, fagmiljø
Brukundersøking turstiar	01.03.2017 – 01.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, tenestekjøp
Samanstilling av kunnskap om	01.03.2017 –	Forvaltar	Samarbeid med

området	31.12.2018		SNO
Gjennomføre lokale møter og deltaking på andre møte	01.02.2017 – 31.12.2019	Forvaltar	Kople dette med forvaltningsplanen
Lage tiltaksplan	01.01.2018 – 01.11.2020	Forvaltar	
Utarbeide besøksstrategien	2018-2019	Nasjonalparkstyret	Forvaltar
Besøksstrategien på høyring i lag med forvaltningsplanen	2019	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Vedtak av besøksstrategien som eit kapittel i forvaltningsplanen	2019/2020	Nasjonalparkstyret	Forvaltar, nasjonalparkstyret
Endeleg godkjenning hos Miljødirektoratet	2020	Miljødirektoratet	Miljødirektoratet
Prosjektere og gjennomføre tiltak	Løpende	Forvaltar	Samarbeid med SNO

Arbeidet med besøksstrategien har strekt seg over lang tid, men milepælene er til no nådd om lag i tråd med prosjektplanen. Mykje kunnskapsinnhenting er gjort, både av eksisterande kunnskap og innhenting av ny kunnskap. Det er gjennomført ei rekke lokale møter og nasjonalparkforvaltinga har delteke på ei rekke andre møte for å informere om arbeidet og for å samle kunnskap. Brukarundersøking vart gjennomført sommaren 2017 og er grundig presentert i NINA rapport 1490. Vurderingar av sårbarheit vart i 2018 gjennomført av Norsk institutt for naturforskning (NINA) for fleire innfallsportar. Kunnskapen om området er samanstilt og lagt inn i eit førebels utkast til besøksstrategi, som vart lagt fram for styret til styremøtet 17.juni.

Forvaltinga arbeider no med å utforminga av sjølve besøksstrategien og gje den form og innhald så den kan bli eit godt verktøy for besøksforvaltninga. Den må vere lett leseleg og med tydelege strategiar for besøksforvaltninga i Jostedalsbreen nasjonalpark, som enkelt kan omsetjast i konkrete tiltak. I dette arbeidet er kapittel 3 *Mål og strategiske grep* sentralt.
Førebels står fylgjande i kapittel 3:

1. Mål og strategiske grep

Måla er definert ut i frå dei utfordringane og moglegheitene som kom fram i kunnskapsgrunnlaget. Dei strategiske grepene er dei langsiktige vala vi må ta for å nå dei måla vi sett oss. Mål og strategiar er delt opp i tema «verneverdiane», «reiselivet» og «dei besøkande».

1.1 Mål og strategiske grep for verneverdiane

1.1.1 Mål

- *Kunnskapen om naturtypar, artar og sårbarheit i nasjonalparken skal være høg*
- *Område med villmarksprega natur skal være like stort som det er i dag*
- *Slitasjen på naturen skal ikkje auke, sjølv om besøkstalet aukar*
- *Kulturminna i nasjonalparken skal være kartlagt og identifisert, og i minst like god stand som på vernetidspunktet.*
- *Bygningar skal være i aktiv bruk og lokal byggeskikk på staden skal tilleggjast stor vekt*
- *Kulturlandskapet skal være ein viktig kvalitet rundt stølsområda for biologisk mangfald, landbruk og for naturopplewing.*

1.1.2 Strategiske grep

For å auke kunnskapen vår om naturmangfaldet og kulturminna i nasjonalparken må ein satse på kartlegging framover. Ein må starte med dei områda der ein ser for seg ei auka mengde besøkande framover og sørge for at ein veit kor ein har sårbar natur før ein leggjar til rette for ei auka ferdsel. Slik kan vi forvalte det auka besøkstalet på ein berekraftig måte og kanalisere fleire folk til trasear og stadar som toler eit auka besøkstrykk og slik at plantar, dyr og geologiske førekomstar ikkje blir uroa eller endra. Ein skal satse på eit levande og sunt kulturlandskap til det beste for naturen, turistane og lokalsamfunnet. Turistane må få kunnskap om kulturhistoria og kvifor kulturlandskapet og kulturminna er viktige og korleis ein skal te seg for å ivareta kulturlandskapet og kulturminna.

1.2 Mål og strategiske grep for reiselivet

1.2.1 Mål

- *Nasjonalparken vil bidra til ei auka lokal verdiskaping ved dei prioriterte innfallsportane som toler det*
- *Reiselivet skal i sine informasjonskanalar ha eit auka fokus på formidling av tema som verneverdiar, klima, berekraftig bruk av området og tryggleik.*
- *Besøkande skal framleis få oppleve storslagen natur i nasjonalparken, sjølv om breane trekk seg tilbake. Reiselivet skal auke fokus på innsal av også andre attraksjonar enn breen.*
- *Alle besøkande har ansvar for si eiga tryggleik, men med god informasjon om farar bør det ikkje skje dødsulukker eller andre alvorlege ulukker i nasjonalparken.*
- *Alle brukargrupper skal kunne få gode naturopplewingar i tilpassa innfallsportar, anten dei treng barnevogn, rullestol eller er ustø til beins.*
- *Fleire barn og unge skal få moglegheit til gode opplewingar i verneområdet og få meir kunnskap, naturglede og auka forståing for vernet.*

1.2.2 Strategiske grep

Det må sikrast eit nærrare samarbeid mellom den offentlege forvaltninga og reiselivet framover. Reiselivet og nasjonalparkforvaltninga kan ha mange like interesser, til dømes klima, berekraft, tryggleik for dei besøkande og å halde naturen intakt, til glede for alle

som kjem på besøk. Breane har ei høg symbolverdi i klimasamanheng, og det er difor spesielt viktig for aktørane rundt breen å stå fram som klimavennlege. Dette kan mellom anna innebere ei auka satsing på klimavennleg transport, unngå marknadsføring av breen til turistar frå andre sida av verda, få dei besøkande til å bli lenger på ein plass, lokal mat, osb.

Reiselivet bør satse på lokale aktørar som kan tilby opplevingar på eller i tilknyting til breen og nasjonalparken. Slike guidingselskap vil kunne bidra til å spreie kunnskap om verneverdiar og korleis ein skal te seg i sårbar natur, bidra til å kanalisere ferdsla inn i område som toler det, gi tryggleik til uerfarne besøkande og gje kunnskap om klima og breens tilbakesmelting. Samstundes bidreg ein aktiv satsing på lokale reiselivsaktørar til lokal verdiskaping.

Ein må vere medveten om kva ein skal tene pengar på når breen smeltar tilbake og blir meir og meir utilgjengeleg. Stikkord her kan vere ein meir aktiv marknadsføring av kulturhistoria og kulturlandskapet, fjellturisme utan bre og breopplevingar basert på til dømes AR (augmented reality). Jostedalsbreen nasjonalpark er privilegert som har tre autoriserte naturinformasjonssentre rundt verneområdet. Med eitt senter i Nordfjord, eitt i Fjærland og eitt i Jostedalen har sentra potensiale til å formidle naturverdiar til fleire tusen menneske.

1.3 Mål og strategiske grep for dei besøkande

1.3.1 Mål

- Alle typar besøkande skal føle seg velkomne.
- Dei besøkande skal oppleve å ha ei auka kunnskap om natur, bre og klima etter eit besøk i nasjonalparken.
- Dei besøkande skal enkelt kunne finne informasjon om nasjonalparken.
- Å besøke eit nasjonalparksenter kan gje den besøkande den same gode kjensla av oppleving og kunnskap som å ha besøkt nasjonalparken.

1.3.2 Strategiske grep

Nasjonalparken skal legge til rette for:

- bil- og bussturistar som ønskjer korte, enkle og godt tilrettelagte fotturar inn i, eller i utkanten av nasjonalparken, eller på eit nasjonalparksenter
- fotturistar som ønskjer ei enkel tilrettelegging med skilting og merking
- turistar, friluftslivsutøvarar eller turfolk som ønskjer urørt, villmarksprega natur
Dette må gjerast gjennom å:
- utvikle nokre få universelt utforma innfallsportar/utkikkspunkt med høg grad av tilrettelegging
- utvikle ein del stiar og turruter med enkel tilrettelegging med skilting og merking
- behalde store deler av nasjonalparken villmarksprega og utan tilrettelegging
- kanalisere fleire besøkande til nasjonalparksentera rundt breen.

Nasjonalparken bør leggje vekt på informasjon og formidling, og identifisere kor besøkande oppsøkjer den informasjonen dei ønskjer. Brukarundersøkinga viser at dei ønskjer informasjon via internett og reisehandbøker i planleggingsfasen. Når dei først er framme ved parkeringsplassen, vil dei ha info på innfallsportane. Her er ein veldig viktig

stad for nasjonalparken å synleggjere den kunnskapen turistane bør ha med seg før dei går vidare inn i verneområdet. Nasjonalparken bør, i samarbeid med reiselivet, ha ein klar kommunikasjonsstrategi for informasjonsformidling til dei besøkande. Sosiale media er også viktige stader å informere på.

Vurdering

Forvaltarane meiner det er nødvendig å få til ei drøfting med styret omkring val av strategiske grep for besøksforvaltninga i Jostedalsbreen nasjonalpark. Formuleringane av mål og strategiske grep bør vurderast kritisk og om nødvendig formulerast om, slik at det vert tydelegare samanheng mellom målsetjingar og strategiske grep.

Jostedalsbreen nasjonalpark er ein spesiell nasjonalpark på fleire måtar:

- JNP er den av nasjonalparkane i Noreg med størst besøk
- JNP stor del utanlandske besøkande
- JNP ligg i eit område med aktivt reiseliv, viktig for mange lokalsamfunn
- JNP har store område som er vanskeleg tilgjengeleg villmark
- JNP har mange innfallsportar av ulik type spreidd rundt breen
- JNP er sterkt påverka av klimaendringar
- JNP har store område med villmarkspreg

Desse særtrekka medverkar til at Jostedalsbreen nasjonalpark har nokre særlege utfordringar som bør visast att i målsetjingar og strategiske grep.

Kva grep ynskjer vi å gjere for å ta vare på kvalitetane i JNP, samstundes som nasjonalparken medverkar til auka lokal verdiskaping?